



Kommunane i Trøndelag

Saksbehandler, innvalgstelefon

Ingrid Reiersen, 74168493

Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) – rammer og prioriteringar 2026

Fylkesramma for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) for 2026 er no fordelt i Agros på kommunane i Trøndelag. Oversikt over kommunale rammer er sett opp i tabell nedst i dette brevet. Her informerer vi også kort om ordninga og korleis Statsforvaltaren har prioritert ved fordeling, samt føringar for kommunane si forvaltning av midlane i 2026.

1. Innleiing

Rammer og prioriteringar for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i 2026 er utarbeidd på bakgrunn av kommunane sine innsende behov for 2026, kva kommunane har inne av søknadar per 31.12.2025 og dei nasjonale føringane for tildeling, jf. punkt 3. Dette tildelingsbrevet omfattar tilskot med heimel i *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)*.

Forvaltning av ordninga skjer i fagsystemet AGROS. Informasjon om forvaltning av ordninga, fagsystem og tilgangar finst på landbruksdirektoratet.no.

Mål og målgruppe for ordninga

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere ureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsetjingar og strategiar.

Tilskot kan innvilgast føretak som oppfyller vilkår for produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Tilskot kan også innvilgast eigar av landbrukseigedom dersom det er ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.



2. Disponible midlar i Trøndelag for 2026

Føremål	Tildeling 2026 frå Landbruksdirektoratet
Spesielle miljøtiltak i jordbruket	36 800 000 kroner

3. Tildeling av SMIL-midlar i 2026 – nasjonale føringar

Statsforvaltaren får kvart år sitt tildelingsbrev med føringar for korleis SMIL-midlane skal handterast, og korleis vi skal vurdere tildeling av midlar. Vi har brukt dei nasjonale føringane i våre vurderingar, som for 2026 er:

«Midlene skal ses i sammenheng med andre midler fra landbruks- og miljøforvaltningen. Statsforvalteren skal bidra til at kommunene prioriterer tiltak med god miljøeffekt. Kommunen skal lage lokale retningslinjer/tiltaksstrategier for SMIL der beskrivelse av miljøutfordringer og prioritering av miljøtiltak fremgår. Kommuner med god måloppnåelse og gjennomføringsevne skal prioriteres.

Klima-, natur- og miljøsatsingen over jordbruksavtalen skal bidra til å ivareta kulturlandskapet og redusere miljøbelastningen fra landbruket. SMIL- ordningen kan støtte viktige tekniske og naturbaserte tiltak for bedre håndtering av overflatevann, redusert risiko for erosjon og flom, og forbedret vannmiljø. Det er viktig å ta tak i disse utfordringene av hensyn til klimatilpasning, ressursbevaring og matproduksjon. Det er samtidig viktig at fordelingen til kommunene i tilstrekkelig grad hensyntar de ulike formålene med SMIL. Det vises til at det er mulig å gi investeringsstøtte til seterdrift over ordningen og kommunene kan øke satsen for investeringsstøtte til seterdrift.

(...)

Ved fordeling av rammer til kommunene skal statsforvalteren legge særlig vekt på:

- lokale retningslinjer/tiltaksstrategier som beskriver lokale miljøutfordringer og prioriterer miljøtiltak
- gjennomføringsevne, framdrift og oppnådde resultater i kommunen
- kommunenes størrelse i areal, omfang av tiltak og antall eiere/drivere
- variasjoner i behovene fra år til år, sammen med hensyn til forutsigbarhet og kontinuitet»

4. Føringar frå Statsforvaltaren

Det har dei siste åra vore stor etterspurnad etter SMIL-midlar, og tildelt fylkesramme og inndregne midlar gjennom året er brukt opp. Statsforvaltaren oppmodar til at søknadsfristen for SMIL-midlar er om våren. Dette vil gjere det mogeleg for kommunen å starte tidlegare med sakshandsaminga av søknadane, og vil auke kommunen sin mogelegheit til å bruke opp tildelt ramme. I tillegg vil dette bidra til at tilskotsmottakarane kan kome tidlegare i gang med prosjekta.



Statsforvaltaren oppmodar også kommunane til å sjå på tilskotssatsane sett til ulike tiltak. Dersom tilskotssatsane vert sett ned noko, kan kommunane gjennomføre fleire gode tiltak med dei tildelte midlane. Statsforvaltaren kjem til å sjå på tilskotssatsane ved omfordeling av midlar seinare på året.

Statsforvaltaren fordeler SMIL-midlane i 2026 i tre, ev. fire omgangar:

- Ordinær tildeling i januar – 85 % av den totale potten i fylket fordelast i hovudtildelinga til kommunane.
- Tilleggsramme med søknadsfrist 10. juni
 - Det er sett av 5,52 millionar kroner til tilleggsramma. Søknad sendast på fastsett søknadsskjema, og kommunen må ha brukt opp tilseignsramma frå februar for å kunne søkje.
 - Hydroteknikk i prioriterte vassområde har høgaste prioritet, men det er mogeleg å søkje auka ramme også for andre tiltak. Ved søknad om midlar til andre tiltak vil Statsforvaltaren leggje vekt på prioriteten til tiltaket i kommunen sin tiltaksstrategi. Me vil også sjå på kva kommunen har brukt tilseignsramma til.
- Inntrekking av ubrukte rammer, med omfordeling etter søknad frå kommunane innan 10. september.
 - Kommunar som har att midlar på den kommunale ramma per 10. september må rekne med at ubrukt ramme blir trekt attende til fylkesramma for omfordeling.
 - Ved stor etterspurnad etter midlar vil midlar til søknadar som allereie er mottekne av kommunane bli prioriterte.
- Av omsyn til mogelegheit for ei siste omfordeling av ubrukte midlar mellom kommunar og for å ha grunnlag for budsjettinnspel, skal kommunane vere ferdige med sakshandsaminga innan 10. november 2025. Ubrukte midlar per 10. november vil bli trekt attende til fylkesramma utan vidare varsel og fordelt til kommunar med dokumenterte behov for tilleggsramme.

Krav til registrering av SMIL-tiltak i Vann-Nett

SMIL-tiltak som bidreg til redusert avrenning frå jordbruksjord i nedslagsfelt til vassførekomstar med mindre enn god økologisk tilstand **skal** registrerast i Vann-Nett, men vi oppmodar til at kommunane registrerer ureiningstiltak i andre førekomstar også.

Når Statsforvaltaren skal vurdere om det er behov for å innføre forskrift om regionale miljøkrav i jordbruket, vil informasjonen som ligg i Vann-Nett vere svært viktig. Vassførekomstar med for høge konsentrasjonar av fosfor og/eller nitrogen, og der det manglar tilstrekkelege tiltak i Vann-Nett, vil vere vanskelege å kome utanom ved innføring av slik forskrift.

Avslutning av saker med utgått arbeidsfrist

Kommunane har tidlegare gjort ein stor jobb med å rydde opp i gamle saker, slik at det no er få saker merka «*Under avslutning*» att i systemet. Dette er saker der arbeidsfristen er gått ut, og det er gjort delutbetaling. Kommunen må i slike saker vurdere om det er aktuelt å krevje tilbakebetaling av utbetalt tilskot før sakene avsluttast.

Det ligg mange saker i systemet «*Under etterrapportering*». Det er viktig at kommunane slutfører etterrapporteringa.

Kommunen si handtering av saker med utgått gjennomføringsfrist inngår i Statsforvaltaren si vurdering av kommunane si gjennomføringsevne, framdrift og oppnådde resultat, og manglane



oppfølging av desse kan få verknad for tildeling av tilleggsramme til kommunen ved stor konkurranse om midlane.

Handtering av inndregne midlar

Midlar som kommunen trekker inn kan kommunen behalde og disponere på nytt. Ubrukte midlar, inklusive inntrekte midlar hos kommunen, kan trekkast tilbake for omfordeling i september dersom kommunen ikkje har ubehandla saker liggjande på omfordelingstidspunktet. Ubrukte midlar vil bli trekte inn utan vidare varsel ved omfordeling i november. Ved årsskiftet vil ubrukte midlar blir tilbakeført til Landbrukets Utviklingsfond (LUF). Vi vil jobbe for at heile fylkesramma blir brukt opp. Det er viktig at kommunane gjev Statsforvaltaren melding når de veit at ramma ikkje vil bli brukt opp, slik at kommunar med søknader kan få tildelt ekstra midlar.

5. Prioriteringar av tiltak i kommunane

I nokre kommunar er behovet for SMIL-midlar langt større enn det er rom for innan den ramma kommunane får tildelt. Sjølv om det er opp til den einskilde kommunen å prioritere bruken av tildelte midlar, vil vi understreke at SMIL-midlane har eit breitt føremål, og at det over tid bør prioriterast midlar til t.d. pollinerande insekt, truga natur og kulturminne, i tillegg til tiltak for å redusere avrenning til vatn. Vi vil råde kommunar som opplever stor etterspurnad om å diskutere med dei lokale faglagakorleis den kommunale ramma skal fordelast mellom dei ulike tiltakskategoriane.

Hydrotekniske tiltak

Det er framleis mange vassførekomstar med påverknad frå jordbruk som ikkje oppnår god økologisk tilstand. Det er viktig å motivere til og prioritere utbetring av hydrotekniske anlegg i desse områda av omsyn til avrenning, ressursbevaring, matproduksjon m.m.

Vanleg grøfting/drenering av jordbruksareal fell utanom forskrifta sitt føremål. Dreneringstiltak kan vurderast innanfor ordninga «Drenering av jordbruksjord». Avskjeringsgrøfter inngår ikkje i SMIL når det er ein del av eit dreneringsarbeid.

6. Fristar

Dato	Hending
10. juni	Frist for innsending av søknad om tilleggsramme
10. september	Førebels rapport om forbruk/aktivitet i 2026, samt søknad om ekstratildeling. Ubrukte tilskotsmidlar (SMIL) på kommunal ramme trekkast inn for omfordeling til kommunar med meirbehov.
10. november	Frist for å fatte vedtak om tilskot til SMIL-tiltak. Rapportere forbruk aktivitet i 2026, samt melde inn behov for midlar for 2027 og innsending av tiltaksstrategiar for 2027.
Medio desember	Absolutt siste frist for handsaming av søknadar, samt utbetaling av tilskot. Dato fastsettast av Landbruksdirektoratet. Ev. omfordeling før Agros stenger.



7. Ansvarlege for ordninga hos Statsforvaltaren

- Ingrid Reiersen, tlf. 74 16 84 93, e-post: ingrid.reiersen@statsforvalteren.no
- Anstein Lyngstad, tlf. 74 16 81 81, e-post: anstein.lyngstad@statsforvalteren.no

8. Tildeling av kommunale rammer for 2026

Kommune	Tildeling 2026
Flatanger	350 000 kroner
Frosta	400 000 kroner
Frøya	110 000 kroner
Grong	450 000 kroner
Heim	500 000 kroner
Hitra	350 000 kroner
Holtålen	280 000 kroner
Høylandet	480 000 kroner
Inderøy	1 200 000 kroner
Indre Fosen	1 900 000 kroner
Leka	280 000 kroner
Levanger	3 850 000 kroner
Lierne	200 000 kroner
Malvik	650 000 kroner
Melhus	950 000 kroner
Meråker	200 000 kroner
Midtre Gauldal	700 000 kroner
Namsos	950 000 kroner
Namsskogan	80 000 kroner
Nærøysund	610 000 kroner
Oppdal	1 250 000 kroner
Orkland	1 450 000 kroner
Osen	200 000 kroner
Overhalla	700 000 kroner
Rennebu	600 000 kroner
Rindal	250 000 kroner
Røros	300 000 kroner
Røyrvik	75 000 kroner
Selbu	550 000 kroner
Skaun	500 000 kroner
Snåsa	560 000 kroner
Steinkjer	4 150 000 kroner
Stjørdal	1 500 000 kroner
Trondheim	905 000 kroner



Tydal	100 000 kroner
Verdal	1 400 000 kroner
Ørland	1 100 000 kroner
Åfjord	1 200 000 kroner
SUM	31 280 000 kroner

Med hilsen

Anstein Lyngstad (e.f.)
Underdirektør
Landbruksavdelingen

Ingrid Reiersen
rådgiver
Landbruksavdelingen

Dokumentet er elektronisk godkjent